



BARNEOMBODET

Kunnskapsdepartementet (KD)
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Vår ref:
17/01451-2

Saksbehandlar:
Kjersti Botnan Larsen

Dato:
26. januar 2018

Høyringsfråsegn om krav til dugleik i norsk og tilbod om alternativ og supplerande kommunikasjon i barnehagar

1. Innleiing

Barneombodet viser til høyring om endringar i barnehagelova om krav til dugleik i norsk, og barnehagetilbod til barn med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK).

Barnehagelova er viktig for at tilbodet i dei ulike barnehagane blir likeverdig. Eit kvalitativt godt barnehagetilbod med kompetente tilsette som forstår og blir forstått av barna har betydning for barna si trivsel, lek og læring. Det er viktig at barn med særlege behov får den hjelpa dei treng tidleg. For at barna skal få den naudsynte hjelpa, må reguleringa i lova vere tydeleg. Vi takkar for moglegheita til å gi ei fråsegn, og kommenterer begge forslaga.

2. Mandatet til Barneombodet

Barneombodet skal i fylgje lov og instruks arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tatt tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Vi skal særleg fylgje med på at lovgjevnaden til vern om barn sine interesser blir fylgd, og at norsk rett samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barnrettane. Vi skal av eige tiltak, eller som høyringsinstans, vareta barn sine interesser i samband med planlegging og utgreiing på alle felt, og foreslå tiltak som kan styrke rettstryggleiken for barn, med meir. Mandatet til Barneombodet er avgrensa til barn under 18 år.

3. Samanfating av vårt syn

Barneombodet sine hovudsynspunkt:

- Vi støttar krava til dugleik i norsk som Kunnskapsdepartementet foreslår i høyringa.
- Vi er opptekne av at barn med særskilde behov får god og tilpassa hjelp tidleg. For at barna skal få hjelpa dei har rett til, må det vere lovfesta tydelege krav i barnehagelova.
- Barn heilt eller delvis utan funksjonell tale som treng å bruke alternativ og supplerande kommunikasjon, bør ha ein individuell rett til dette. Kommunen må gjere enkeltvedtak om dette, og foreldra må ha moglegheit til å klage til fylkesmannen.
- Vi støtter at spesialpedagogisk hjelp òg kan omfatte opplæring i bruk av ASK.

4. Krav til dugleik i norsk for å bli tilsett som styrar eller pedagogisk leiar

Barneombodet er einige i at dugleik i norsk er viktig for dei som skal jobbe som styrar eller pedagogisk leiar i norske barnehagar. Det å ha dugleik til å kunne snakke med og forstå kva barna seier, er avgjerande for å kunne følgje opp barna og for å kunne oppfylle pliktane i rammeplanen.

Vi støttar difor at det blir lovfesta krav til dugleik i norsk i barnehagelova for dei som har utdanning frå utlandet. Unntaka departementet foreslår, er vi og einige i.

5. Barnehagetilbodet til barn med behov for ASK

Barneombodet er einige med departementet i at det å kunne kommunisere godt med andre er eit grunnleggjande behov for alle menneske, både ved å gjere seg forstått og forstå andre. Det er ein føresetnad for læring og utvikling gjennom heile livet. Meistring av språk er avgjerande for å delta i samfunnet, og for relasjonen til andre menneske.

Tilrettelegging og bruk av ASK vil vere svært viktig for at barn som heilt eller delvis manglar funksjonell tale, skal få eit likeverdig barnehagetilbod. Barneombodet meiner at det er avgjerande at barn som har behov for andre uttrykksformer, fordi dei heilt eller delvis manglar tale, må ha rett til ASK. Retten må gå tydeleg fram av lova. Denne reguleringa må tydeleg seie kven som har rett til ASK, og kva slags hjelp barnet har rett til.

Barneombodet er opptekne av at barn med særskilde behov får god og tilpassa hjelp tidleg. Ei regulering tilsvarande reguleringa i opplæringslova vil ikkje vere tilstrekkeleg. Vi meiner at den foreslåtte lovfestinga av alternativ og supplerande kommunikasjon er ei symbolføresegn. Den burde vore utdjupa, slik at det blir tydeleg kva barn med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon har rett til. Som departementet skriv, gir føresegna i seg sjølv ikkje nokon nye rettar. Slik føresegna er no, gir ho foreldra inntrykk av at barnet har fleire rettar enn dei har etter lova.

I samband med lovendringar som vedkjem rettane til barn, skal staten sørgje for ei barnekonsekvensvurdering. Vi er positive til at Kunnskapsdepartementet i denne høyringa gjer greie for nokre artiklar i barnekonvensjonen og i konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne. Vi saknar likevel at det blir vurdert kva slags konsekvensar lovendringa vil ha for barnerettane. Mellom anna saknar vi ei vurdering av forslaget opp mot barnekonvensjonen artikkel 2 om diskriminering, artikkel 6 om retten til utvikling og artikkel 23 om rettane til barn med nedsett funksjonsevne. Vi saknar òg ei vurdering av omsynet til barnet sitt beste. Omsynet til det beste for barnet skal vere grunnleggjande, jf. artikkel 3.

Til ny § 19j første ledd – rett til ASK òg for barn uten spesialpedagogisk hjelp

Barneombodet meiner at det bør lovfestast at barn som heilt eller delvis ikkje har funksjonell tale, må ha rett til å bruke alternativ og supplerande kommunikasjon. Ein individuell rett betyr at om vilkåra er oppfylte, så skal barnehagetilbodet leggast til rette i samsvar med behovet til barnet. Barnet skal få tilgang til dei naudsynte hjelpemidla. Tilrettelegginga og hjelpemidla bør gå fram av eit eige vedtak, om ikkje barnet har rett til spesialpedagogisk hjelp. Foreldra bør kunne klage til fylkesmannen på vedtaket og manglande oppfylting av det. På denne måten vil retten bli reell. I vurderinga av korleis reguleringa av § 19j skal vere, saknar vi ei barnekonsekvensvurdering.

Om barnehagen har barn som treng å bruke ASK, vil dette òg ha konsekvensar for barnehagen. Barnehagen kan ikkje grunnge at dei ikkje gir eller gir eit dårleg tilrettelagt tilbod til barna, med

at dei ikkje har tilsette som har den naudsynte kompetansen. Dette bør omtalast i merknadane til føresegna, for å unngå ulik praksis.

Slik føreslaget er no, er det uklårt kva foreldra kan krevje av kommunen. Om dei ikkje er fornøgde med hjelpa, eller dei ikkje får hjelpa dei meiner barnet treng, vil det vere vanskeleg å få prøvd dette. Vi lurar også på innhaldet i plikta. Kan barnehagen seie at no har dei gitt nok hjelp? Med mindre barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp, vil det ikkje bli gjort ei sakkunnig vurdering av PP-tenesta etter lova, og det vil ikkje vere mogleg å klage på tilrettelegginga ein får. Dette kan gjere at foreldra og barnet blir rettslause.

Til ny § 19j andre ledd – Opplæring i ASK kan vere ein del av den spesialpedagogiske hjelpa

Barneombodet er einige i at opplæring i bruk av ASK kan vere ein del av den spesialpedagogiske hjelpa i barnehagen. Likevel kan forholdet mellom ASK og spesialpedagogisk hjelp vere uklårt. Vi er bekymra for at dette går ut over hjelpa barna får. Vi ber derfor om at departement i merknadene i lovproposisjonen utdjuvar kva som er forholdet mellom ASK og spesialpedagogisk hjelp. Når er det naudsynt med vedtak om spesialpedagogisk hjelp for barn med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, og når kan hjelpa givast etter ny § 19j første ledd? Her blir grenseflata viktig, og det vil kunne bli store skilnader i praksis.

Venleg helsing

Anne Lindboe
barneombod

Kjersti Botnan Larsen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Vedlegg

Høyringsfråsegn om krav til dugleik i norsk og tilbod om alternativ og supplerande kommunikasjon i barnehagar